

## RÅDSVEDTAK

2012/EØS/35/36

av 8. november 2007

## om skiping av ei fellesskapsordning for katastrofevernebuing (omarbeiding)(\*)

(2007/779/EF, Euratom)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

medrekna kulturminne, og til øydelegging av økonomisk og sosial infrastruktur og til skadar på miljøet.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 308,

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske atomenergifellesskapet, særleg artikkel 203,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup> og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Det skal gjerast ei rekkje vesentlege endringar i rådsvedtak 2001/792/EF, Euratom av 23. oktober 2001 om skiping av ei fellesskapsordning for å styrkje samarbeidet om hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing<sup>(3)</sup> (heretter kalla «ordninga») for å gjere innsatsen til Den europeiske unionen ved katastrofesituasjonar meir samanhengande og verknadsfull. Av omsyn til klarleiken bør det nemnde vedtaket omarbeidast.
- 2) I dei seinare åra har talet på og omfanget av naturkatastrofar og katastrofar som er valda av menneske, auka vesentleg, noko som har ført til tap av menneskeliv og eigedom,

- 3) Dei tiltaka som Fellesskapet har gjort for å gjennomføre resolusjonen til Rådet av 8. juli 1991 om betre innbyrdes hjelp mellom medlemsstatane i tilfelle naturkatastrofar eller teknologiske katastrofar<sup>(4)</sup>, har medverka til å verne personar, miljø og eigedom. Konvensjonen til Den økonomiske kommisjonen for Europa til Dei sameinte nasjonane om verknader over landegrensene av industriulukker, som vart vedteken av Fellesskapet ved rådsvedtak 98/685/EF<sup>(5)</sup>, har medverka til ytterlegare å betre førebygginga og handteringa av industriulukker.

- 4) Hovudføremålet med ordninga er på oppmoding å yte hjelp ved større katastrofesituasjonar, og å medverke til ei betre samordning av dei hjelpeaksjonane som medlemsstatane og Fellesskapet utfører, samstundes som det vert teke omsyn til dei særskilde behova til dei isolerte og mest fjerntliggjande regionane eller øyane i Fellesskapet. I dei seinare åra har det vore ein vesentleg auke i talet på statar som nyttar seg av ordninga for hjelp innanfor katastrofevernebuing. Ordninga bør styrkjast for å sikre ein meir effektiv og synleg demonstrasjon av europeisk solidaritet, og for å gjere det mogleg å utvide kapasiteten når det gjeld å sikre ein snøgg innsats på europeisk plan som byggjer på modulane for katastrofevernebuing i medlemsstatane, slik det vart lagt vekt på under møtet til Det europeiske rådet 16.-17. juni 2005 og i resolusjonen til Europaparlamentet av 13. januar 2005 om tsunamikatastrofen.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 314 av 1.12.2007, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 39/2008 av 14. mars 2008 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 42, 10.7.2008, s. 26

<sup>(1)</sup> Fråsegn gjeven 24. oktober 2006 (enno ikkje offentleggjort i TEU).

<sup>(2)</sup> TEU C 195 av 18.8.2006, s. 40.

<sup>(3)</sup> TEF L 297 av 15.11.2001, s. 7.

<sup>(4)</sup> TEF C 198 av 27.7.1991, s. 1.

<sup>(5)</sup> TEF L 326 av 3.12.1998, s. 1.

- 5) Gjennom ordninga vil det verte teke tilbørleg omsyn til det relevante regelverket til Fellesskapet og internasjonale plikter på dette området. Dette vedtaket bør difor ikkje påverke dei innbyrdes rettane og pliktene som medlemsstatane har i medhald av tosidige eller fleirsidige avtaler, om spørsmål som er nemnde i dette vedtaket.
- 6) Ordninga bør lette innsatsen når det gjeld katastrofevernebuing ved alle typar større katastrofesituasjonar både innanfor og utanfor Fellesskapet, medrekna katastrofar som er valda av menneske, terrorhandlingar og teknologiske ulukker, strålingsulukker eller miljølukker, medrekna utilsikta havureining. Det kan vere naudsynt med hjelp på området katastrofevernebuing i samband med alle dei nemnde katastrofesituasjonane for å utfylle den innsatsen som kan gjerast av den staten som er råka av katastrofen.
- 7) Førebygging er særskild viktig når det gjeld vern mot naturkatastrofar, teknologiske katastrofar og miljøkatastrofar, og vil krevje at ytterlegare tiltak vert vurderte. Ved å medverke til vidareutviklinga av system for påvising og tidleg varsling bør Fellesskapet hjelpe medlemsstatane slik at reaksjonstida frå ein katastrofe oppstår til hjelpeaksjonen vert sett i gang, vert kortast mogleg, og slik at EU-borgarane vert varsla. Desse systema bør ta omsyn til og byggje på eksisterande informasjonskjelder.
- 8) Det må gjerast førebuande tiltak på medlemsstats- og fellesskapsplan for at innsatsgrupper snøgt skal kunne mobiliserast og verte samordna på den smidige måten som krevst, og gjennom eit opplæringsprogram sikre at vurderings- og/eller samordningsgruppene, innsatsgruppene og andre tilgjengelege ressursar om naudsynt skal kunne handle effektivt og utfylle kvarandre.
- 9) Andre førebuande tiltak kan vere å samle opplysningar om naudsynte medisinske ressursar og fremje bruken av ny teknologi. Desse opplysningane gjeld medisinske ressursar som medlemsstatane kan stille til rådvelde på frivillig grunnlag for å verne menneskehelsa etter oppmoding om innsats i medhald av ordninga. I samsvar med artikkel 296 i traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet skal ingen medlemsstatar vere plikta til å gje opplysningar som dei reknar for å vere i strid med grunnleggjande tryggleiksinteresser.
- 10) Det bør vurderast om det skal utviklast tilleggsmodular for hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing, med ressursar frå ein eller fleire medlemsstatar, som tek sikte på å vere fullt ut samverkande, slik at desse kan medverke til å utvikle kapasiteten for snøgg innsats når det gjeld katastrofevernebuing. Modulane er organiserte på medlemsstatsplan, og er underlagde leiinga og kommandoen til medlemsstatane.
- 11) Dersom det skulle oppstå eller er ein overhangande fare for at det kan oppstå større katastrofesituasjonar i Fellesskapet som gjev eller kan gje verknader over landegrensene, eller som kan føre til at det kjem ei oppmoding om hjelp på vegner av ein eller fleire medlemsstatar, bør det meldast frå om katastrofen på ein høveleg måte, eventuelt gjennom eit fastlagt felles og påliteleg kommunikasjons- og informasjonssystem ved katastrofesituasjonar.
- 12) Ordninga bør gjere det mogleg å mobilisere og lette samordninga av hjelpeaksjonar, for å medverke til å sikre eit endå betre vern, først og fremst av personar, men òg av kulturarven, og såleis redusere tap av menneskeliv, personskadar, tingsskadar, økonomiske skadar og miljøskadar, og gjere måla om sosial utjamning og solidaritet meir handgripelege. Det styrkte samarbeidet om hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing bør byggje på ein struktur for katastrofevernebuing i Fellesskapet der det finst eit overvåkings- og informasjonssenter og eit felles kommunikasjons- og informasjonssystem ved katastrofesituasjonar som vert forvalta av Kommisjonen, og kontaktpunkt i medlemsstatane. Ordninga bør danne ei ramme for innsamling av kontrollerte opplysningar om katastrofar med sikte på å overføre dei til medlemsstatane, og for deling av dei røynslene som er gjorde i samband med hjelpeaksjonar.
- 13) Kontaktpunkta i medlemsstatane bør kunne vere i stand til å gje opplysningar som stadfestar om den hjelpa som ein råka stat har bede om, finst tilgjengeleg, medrekna opplysningar om tilgjengelege militære middel og ressursar.
- 14) Tilgangen til eigna transportmiddel må betrast for å støtte utviklinga av evna til snøgg innsats på fellesskapsplan. Fellesskapet bør støtte og utfylle innsatsen til medlemsstatane ved å leggje til rette for felles bruk av transportressursane i medlemsstatane og, dersom det er naudsynt, ved å finansiere ytterlegare transportmiddel.
- 15) Når det gjeld hjelpeaksjonar ved katastrofar utanfor Fellesskapet, bør ordninga fremje og støtte dei tiltaka som vert gjorde av Fellesskapet og medlemsstatane. Hjelpeaksjonar utanfor Fellesskapet kan anten gjennomførast på sjølvstendig grunnlag eller som del av ein aksjon som vert leidd av ein internasjonal organisasjon, og Fellesskapet bør difor utvikle sambandet sitt med relevante internasjonale organisasjonar.

- 16) Når Dei sameintenasjonane ertilstades, har dei ei overordna rolle når det gjeld samordning av naudhjelpsaksjonar i tredjestatar. Hjelpa på området katastrofevernebuuing i medhald av ordninga bør samordnast med Dei sameinte nasjonane og andre relevante internasjonale aktørar, slik at dei tilgjengelege ressursane kan nyttast på best mogleg måte og unaudsynleg dobbeltarbeid unngåast. Ei betre samordning av hjelp gjennom ordninga for katastrofevernebuuing er ein føresetnad for å støtte den overordna samordninga og sikre ein omfattande europeisk medverknad i den samla hjelpeinnsatsen. Ved større katastrofesituasjonar der det vert ytt hjelp i medhald av både ordninga og rådsforordning (EF) nr. 1257/96 av 20. juni 1996 om humanitær hjelp<sup>(1)</sup>, bør Kommissjonen syte for at den samla fellesskapsinnsatsen er verknadsfull, samanhengande og utfyllande.
- 17) Ordninga vil òg kunne lette og støtte krisehandteringa i samsvar med fellesfråsegnen frå Rådet og Kommissjonen av 29. september 2003 om bruk av fellesskapsordninga for katastrofevernebuuing i den krisehandteringa som er nemnd i avdeling V i traktaten om Den europeiske unionen. Dette vedtaket rører ikkje ved kompetansen og rolla til formannskapet i samband med krisehandtering i medhald av den nemnde avdelinga.
- 18) Dersom dei konsulære styresmaktene i medlemsstatane ber om det, kan ordninga òg nyttast til å støtte den konsulære hjelpa til EU-borgarar ved større katastrofesituasjonar i tredjestatar når det gjeld katastrofevernebuuing.
- 19) I tilfelle der bruk av militære middel og ressursar vert rekna som føremålstenleg, vil samarbeidet med militæret følgje dei reglane, framgangsmåtane og kriteria som Rådet eller dei rette organa til Rådet har fastsett med sikte på at militære ressursar som er relevante for vern av sivile, skal kunne stillast til rådvelde for ordninga.
- 20) Bruken av militære middel og ressursar bør òg vere i samsvar med prinsippa i dei relevante retningslinjene til Dei sameinte nasjonane.
- 21) Det bør vere mogleg å la kandidatstatar òg ta del i ordninga, og å samarbeide med andre tredjestatar og med internasjonale og regionale organisasjonar.
- 22) Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre dette vedtaket, bør gjerast i samsvar med rådsbeslutning

1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommissjonen<sup>(2)</sup>.

- 23) Målet for dette vedtaket, som er å leggje til rette for eit betre samarbeid mellom Fellesskapet og medlemsstatane når det gjeld hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuuing dersom det skulle oppstå eller er ein overhangande fare for at det kan oppstå større katastrofesituasjonar, kan ikkje nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, og kan difor, på grunn av omfanget og verknadene av det framlagde tiltaket, betre nåast på fellesskapsplan, samstundes som det vert teke omsyn til dei føremonene som ordninga vil kunne medføre når det gjeld reduksjon av tap av menneskeliv og skadar.

Dersom ein større katastrofesituasjon krev større innsats enn det som den råka medlemsstaten kan klare sjølv, bør denne staten kunne be om ressursar til å utfylle sine eigne katastrofevernebuuingsressursar gjennom ordninga. Fellesskapet kan difor vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje dette vedtaket lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet.

- 24) I traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet og traktaten om skipinga av Det europeiske atomenergifellesskapet er det berre høvesvis artikkel 308 og 203 som gjev heimel for å gjere dette vedtaket —

GJORT DETTE VEDTAKET:

## KAPITTEL I

### Mål og verkeområde

#### Artikkel 1

1. Det vert oppretta ei fellesskapsordning (heretter kalla «ordninga») for å styrkje samarbeidet mellom Fellesskapet og medlemsstatane ved hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuuing dersom det skulle oppstå eller er ein overhangande fare for at det kan oppstå større katastrofesituasjonar.

2. Det vernet som skal sikrast gjennom ordninga, skal i første rekkje gjelde personar, men òg miljø og eigedom, medrekna kulturminne, i tilfelle naturkatastrofar og katastrofar som er valda av menneske, terrorhandlingar og teknologiske ulukker, strålingsulukker eller miljøulukker, medrekna utilsikta havureining, som finn stad innanfor eller utanfor Fellesskapet, samstundes som det vert teke omsyn til dei særlege behova til isolerte, fjerntliggjande og andre regionar eller øyar i Fellesskapet.

<sup>(1)</sup> TEF L 163 av 2.7.1996, s. 1. Forordninga endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

<sup>(2)</sup> TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23. Vedtaket endra ved avgjerd 2006/512/EF (TEU L 200 av 22.7.2006, s. 11).

Ordninga skal ikkje påverke dei pliktene som følgjer av regelverket til Det europeiske fellesskapet eller Det europeiske atomenergifellesskapet eller gjeldande internasjonale avtaler.

### Artikkel 2

Ordninga omfattar ei rekkje element og tiltak, medrekna følgjande:

1. Registrering av innsatsgrupper og andre hjelpemannskap som er tilgjengelege i medlemsstatane til å gjennomføre hjelpeaksjonar dersom det skulle oppstå katastrofar.
2. Utarbeiding og gjennomføring av eit opplæringsprogram for innsatsgrupper og andre hjelpemannskap, og for sakkunnige til dei gruppene som har ansvaret for vurdering og/eller samordning (heretter kalla «vurderings- og/eller samordningsgrupper»).
3. Arbeidsgrupper, seminar og forsøksprosjekt om viktige sider ved hjelpeaksjonar.
4. Oppnemning og utsending av vurderings- og/eller samordningsgrupper.
5. Oppretting og forvaltning av eit overvakings- og informasjonssenter som skal vere tilgjengeleg og i stand til straks å gripe inn 24 timar i døgnet, og som skal stillast til rådvelde for medlemsstatane og Kommisjonen som eit ledd i ordninga.
6. Oppretting og forvaltning av eit felles kommunikasjons- og informasjonssystem ved katastrofesituasjonar (CECIS) med sikte på kommunikasjon og informasjonsdeling mellom overvakings- og informasjonssenteret og kontaktpunkta til medlemsstatane.
7. Medverknad til utvikling av system for påvising og tidleg varsling av katastrofar som kan ha innverknad på territoriet til medlemsstatane, for såleis å få i stand ein snøgg innsats frå medlemsstatane og Fellesskapet si side, og medverknad til oppretting av slike system på grunnlag av studiar og vurderingar av kva slags system som trengst og korleis dei kan setjast i verk, og på grunnlag av tiltak for å fremje sambandet deira med overvakings- og informasjonssenteret og CECIS-systemet. Desse systema skal ta omsyn til og byggje på dei informasjons-, overvakings- og påvisingskjeldene som alt ligg føre.
8. Støtte til medlemsstatane for at dei skal få tilgang til utstyr og transportressursar ved å:

- a) gje og dele informasjon om utstyr og transportressursar som medlemsstatane kan stille til rådvelde med sikte på felles bruk av slikt utstyr eller slike ressursar,
  - b) hjelpe medlemsstatane med å identifisere og lette tilgangen deira til transportressursar som kan vere tilgjengelege frå andre kjelder, òg frå den kommersielle marknaden,
  - c) hjelpe medlemsstatane med å identifisere utstyr som kan stillast til rådvelde frå andre kjelder, òg frå den kommersielle marknaden.
9. Styrking av dei transportressursane som medlemsstatane stiller til rådvelde, gjennom levering av dei tilleggsressursane som er naudsynte for å sikre ein snøgg innsats ved større katastrofesituasjonar.
  10. Støtte til den konsulære hjelpa til EU-borgarar ved større katastrofesituasjonar i tredjestatar når det gjeld katastrofevernebuing, dersom dei konsulære styresmaktene i medlemsstatane ber om dette.
  11. Andre støttetiltak og utfyllande tiltak som er naudsynte innanfor ramma av ordninga, slik det er nemnt i artikkel 4 i rådsvedtak 2007/162/EF, Euratom av 5. mars 2007 om fastsetjing av ei finansieringsordning for sivil krisehandtering<sup>(1)</sup>.

### Artikkel 3

I dette vedtaket tyder

1. «større katastrofesituasjon» alle situasjonar som har eller kan ha ein negativ innverknad på personar, miljø eller eigedom, og som kan føre til at det kjem ei oppmoding om hjelp i medhald av ordninga,
2. «innsats» alle tiltak som vert gjorde i medhald av ordninga under eller etter ein større katastrofesituasjon for å motverke dei direkte følgjene av ein slik situasjon,
3. «vernebuing» ein tilstand der menneskelege og materielle ressursar vert stilte til rådvelde på førehand for å sikre ein effektiv og snøgg innsats dersom det skulle oppstå ein katastrofesituasjon,
4. «tidleg varsling» informasjon som er effektiv og skaffa fram i rett tid, og som gjer det mogleg å setje i verk tiltak for å unngå eller minske risikoar og sikre vernebuinga med sikte på ein effektiv innsats.

<sup>(1)</sup> TEU L 71 av 10.3.2007, s. 9.

5. «modul» ei sjølvstendig og sjølvstyrande ordning av ressursane i medlemsstatane, som er styrd av førehandsdefinerte oppgåver og behov, eller ei mobil innsatsgruppe frå medlemsstatane som representerer både menneskelege og materielle ressursar, og som kan karakteriserast ut frå evna til å gjennomføre hjelpeaksjonar eller ut frå den eller dei oppgåvene som ho er i stand til å ta på seg.

## Kapittel II

### Vernebuving

#### Artikkel 4

1. Medlemsstatane skal på førehand, innanfor dei rette tenestene sine og særleg innanfor katastrofevernebuvingstenestene eller andre vernebuvingstenester, peike ut dei innsatsgruppene eller modulane som kan vere tilgjengelege for deltaking i hjelpeaksjonar eller sendast ut på svært kort varsel, vanlegvis innan tolv timar etter at ei oppmoding om hjelp er gjeven. Dei skal ta omsyn til at samansetnaden av gruppa eller modulen bør vere avhengig av kva slags større katastrofesituasjon det dreier seg om, og kva som krevst i den aktuelle situasjonen.

2. Medlemsstatane skal peike ut sakkunnige som kan tilkallast for å ta del i ei vurderings- og/eller samordningsgruppe i katastrofeområdet.

3. Medlemsstatane skal arbeide på frivillig grunnlag, særleg for å oppfylle prioriterte behov for innsats eller støtte i medhald av ordninga, for å utvikle modular som

- a) er samansette av ressursar frå ein eller fleire medlemsstatar som tek del i ordninga,
- b) er i stand til å utføre oppgåver i dei områda som krev innsats,
- c) er i stand til å utføre oppgåvene sine i samsvar med godkjende internasjonale retningslinjer, slik at dei kan
  - i) sendast ut på svært kort varsel etter at det er kome ei oppmoding om hjelp,
  - ii) arbeide sjølvstendig og sjølvstyrande i eit gjeve tidsrom dersom omstenda på staden krev det,
- d) kan samverke med andre modular,
- e) har gjennomgått opplæring og teke del i øvingar for å oppfylle krava til samverknad i bokstav a) og d),
- f) høyrer inn under ein person som har ansvaret for drifta av modulane,
- g) er i stand til å gje hjelp til andre EU-organ og/eller internasjonale institusjonar, særleg Dei sameinte nasjonane.

4. Medlemsstatane skal vurdere om det er mogleg eventuelt å stille andre former for støtte til rådvelde gjennom dei relevante tenestene, som t.d. spesialisert personale og spesialutstyr til å handsame ein særskild katastrofesituasjon, og å setje inn ressursar frå ikkje-statlege organisasjonar og andre relevante organ.

5. Medlemsstatar som ønskjer det, kan, med atterhald for høvelege tryggingsskrav, gje opplysningar om relevante militære middel og ressursar som vil kunne nyttast som ein siste utveg som ein del av hjelpa på området katastrofevernebuving i medhald av ordninga, t.d. transport og logistikkstøtte eller medisinsk støtte.

6. Innan seks månader etter at dette vedtaket er gjort, skal medlemsstatane gje relevante allmenne opplysningar om innsatsgruppene, dei sakkunnige, modulane og annan innsats som er nemnd i nr. 1-4 i denne artikkelen, og straks ajourføre desse opplysningane når det er naudsynt, og gje tilsvarande opplysningar om dei medisinske ressursane som er nemnde i artikkel 5 nr. 6.

7. Medlemsstatane skal, med støtte frå Kommissjonen dersom dei ber om det, gjere dei tiltaka som er naudsynte for å syte for transport til rett tid i samband med den katastrofevernebuvingshjelpa som dei stiller til rådvelde.

8. Medlemsstatane skal peike ut kontaktpunkta og melde frå til Kommissjonen om dette.

#### Artikkel 5

Kommissjonen skal utføre følgjande oppgåver:

1. opprette og forvalte overvakings- og informasjonssenteret (MIC),
2. opprette og forvalte det felles kommunikasjons- og informasjonssystemet (CECIS),
3. medverke til å utvikle dei systema for påvising og tidleg varsling av katastrofar som er nemnde i artikkel 2 nr. 7,
4. gjere det mogleg å mobilisere og på kortast mogleg varsel sende ut små grupper av sakkunnige som skal
  - a) vurdere behovet med omsyn til katastrofevernebuving i den oppmodande staten, i lys av den hjelpa som finst tilgjengeleg i medlemsstatane og gjennom ordninga,
  - b) når det er naudsynt, lette samordninga av hjelp på staden når det gjeld katastrofevernebuving, og eventuelt vere eit bindeledd til dei rette styresmaktene i den oppmodande staten når det er føremålstenleg,

5. utarbeide eit opplæringsprogram som skal betre samordninga av hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing ved å sikre at det finst samverknad og komplementaritet mellom dei innsatsgruppene og modulane som er nemnde i artikkel 4 nr. 1, eller eventuelt andre hjelpemannskap som er nemnde i artikkel 4 nr. 4, og ved å betre kompetansen til dei sakkunnige som er nemnde i artikkel 4 nr. 2. Programmet bør omfatte felles kurs og øvingar i tillegg til ei utvekslingsordning som gjer det mogleg å utplassere einskildpersonar til teneste i andre medlemsstatar,
6. samle og samanstillе opplysningar om kva kapasitet medlemsstatane har, dersom det skulle oppstå større katastrofesituasjonar, til å halde ved lag produksjonen av serum og vaksinar eller andre naudsynte medisinske ressursar, og om kva lager som kan gjerast tilgjengelege for innsatsen,
7. opprette eit program på grunnlag av dei røynslene som er gjorde innanfor ramma av ordninga, og spreie desse røynslene gjennom informasjonssystemet,
8. stimulere og oppmuntre til innføring og bruk av ny teknologi innanfor ordninga,
9. vedta dei tiltaka som er førde opp i artikkel 2 nr. 8 og 9,
10. leggje til rette for at sakkunnige på området vurdering og/eller samordning skal få grunnleggjande logistikkstøtte,
11. gjere eventuelle andre støttetiltak og utfyllande tiltak som er naudsynte innanfor ramma av ordninga, slik det er nemnt i artikkel 4 i rådsvedtak 2007/162/EF, Euratom.

### KAPITTEL III

#### Innsats

##### Artikkel 6

1. Dersom det skulle oppstå eller er ein overhangande fare for at det kan oppstå større katastrofesituasjonar i Fellesskapet som har eller kan ha verknader over landegrensene, skal den medlemsstaten der katastrofesituasjonen har oppstått, straks melde frå til Kommissjonen og til dei medlemsstatane som kan verte påverka av katastrofesituasjonen.

Første leddet skal ikkje nyttast dersom det alt er teke omsyn til denne meldeplikta i medhald av anna relevant regelverk i Det europeiske fellesskapet eller Det europeiske atomenergifellesskapet eller gjeldande internasjonale avtaler.

2. Dersom det skulle oppstå eller er ein overhangande fare for at det kan oppstå ein større katastrofesituasjon i Fellesskapet som kan føre til at det kjem ei oppmoding om hjelp frå ein eller fleire medlemsstatar, skal medlemsstaten der

katastrofen har oppstått, straks melde frå til Kommissjonen om når ei eventuell oppmoding om hjelp gjennom overvakings- og informasjonssenteret kan ventast, slik at Kommissjonen eventuelt vil kunne melde frå til dei andre medlemsstatane og mobilisere dei rette tenestene sine.

3. Dei meldingane som er nemnde i nr. 1 og 2, skal eventuelt gjevast gjennom CECIS.

##### Artikkel 7

1. Når det oppstår ein større katastrofesituasjon i Fellesskapet, kan ein medlemsstat anten oppmode om hjelp gjennom overvakings- og informasjonssenteret eller direkte frå dei andre medlemsstatane. Oppmodinga skal vere mest mogleg spesifikk.

2. Dersom det vert oppmoda om hjelp gjennom overvakings- og informasjonssenteret, skal Kommissjonen straks og på høveleg måte

a) sende vidare oppmodinga til kontaktpunkta i dei andre medlemsstatane,

b) lette mobiliseringa av innsatsgrupper, sakkunnige, modular og andre hjelpemannskap,

c) samle inn kontrollerte opplysningar om katastrofen og spreie dei til medlemsstatane.

3. Ein medlemsstat som vert oppmoda om å hjelpe, skal straks avgjere om han er i stand til å gje den hjelpa som krevst, og melde frå til den oppmodande medlemsstaten om dette, anten gjennom overvakings- og informasjonssenteret eller direkte, og opplyse om omfanget av og vilkåra for den hjelpa som han kan gje. Dersom ein medlemsstat melder frå til den oppmodande medlemsstaten direkte, skal han òg gje dei same opplysningane til overvakings- og informasjonssenteret. Overvakings- og informasjonssenteret skal sende over opplysningane til medlemsstatane.

4. Den oppmodande medlemsstaten er ansvarleg for å leie hjelpeaksjonane. Styresmaktene i den oppmodande medlemsstaten skal fastsetje retningslinjer og, dersom det er naudsynt, fastleggje rammene for dei oppgåvene som innsatsgruppene eller modulane har fått. Dei nærmare reglane for utføringa av desse oppgåvene skal overlatast til den ansvarlege personen som er oppnemnd av den hjelpeytande medlemsstaten.

5. Dersom den oppmodande medlemsstaten ber innsatsgruppene om å leie innsatsen på sine vegner, skal gruppene eller modulane frå medlemsstatane og Fellesskapet leggje vinn på å samordne innsatsen sin.

6. Dersom det vert sendt ut vurderings- og/eller samordningsgrupper, skal desse lette samordninga mellom innsatsgruppene og vere eit bindeledd til dei rette styresmaktene i den oppmodande medlemsstaten.

*Artikkel 8*

1. Dersom det skulle oppstå ein større katastrofesituasjon utanfor Fellesskapet, kan artikkel 7 på oppmoding og nyttast på hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing som vert gjennomførde utanfor Fellesskapet.

Desse hjelpeaksjonane kan anten utførast på sjølvstendig grunnlag, eller vere ein del av ein aksjon som vert leidd av ein internasjonal organisasjon.

Omfanget av den samordninga som er nemnd i denne artikkelen, skal berre omfatte hjelp som vert ytt gjennom ordninga.

Dei tiltaka som vert gjorde i medhald av denne artikkelen, rører ikkje ved dei tiltaka som er vedtekne i medhald av avdeling V i traktaten om Den europeiske unionen.

2. Dersom hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing som er nemnde i nr. 1, vert sette i verk etter ei oppmoding som er formidla gjennom overvakings- og informasjonssenteret, skal den medlemsstaten som har formannskapet i Rådet for Den europeiske unionen (heretter kalla «formannskapet»), syte for den overordna samordninga av hjelpeaksjonane, samstundes som det vert teke omsyn til den operative samordningsrolla som Kommisjonen har fått i medhald av nr. 4.

3. Når det gjeld politisk og strategisk samordning, skal formannskapet særleg

- a) vurdere om det eventuelt er føremålstenleg å nytte ordninga som eit middel til å lette og støtte krisehandteringa,
- b) dersom det ser det som naudsynt, opprette samband med den råka tredjestaten på politisk plan, og vere eit bindeledd til denne staten gjennom alle stadium av krisesituasjonen innanfor den overordna politiske og strategiske ramma av hjelpeaksjonen.

Der det høver, kan formannskapet be ein annan medlemsstat om heilt eller delvis å ta på seg ansvaret for politisk og strategisk samordning, eller be Kommisjonen om å støtte slik samordning.

4. Den operative samordninga skal utførast av Kommisjonen i nært samarbeid med formannskapet og innanfor den ramma for politisk og strategisk samordning som er nemnd i nr. 3. Den operative samordninga skal omfatte dei følgjande formene for verksemd, etter behov:

- a) å halde ved lag ein jamleg dialog med kontaktpunkta i medlemsstatane, for gjennom ordninga å sikre ein effektiv og samanhengande europeisk medverknad til den samla hjelpeinnsatsen når det gjeld katastrofevernebuing, særleg ved
    - i) straks å gje medlemsstatane fullstendig informasjon om oppmodingane om hjelp,
    - ii) å sende ut vurderings- og/eller samordningsgrupper på staden som skal vurdere situasjonen og behova og/eller lette den operative samordninga på staden av den hjelpa som vert ytt gjennom ordninga,
    - iii) å utarbeide vurderingar av behova i samarbeid med vurderings- og/eller samordningsgruppene og andre aktørar, medrekna andre EU-tenester,
    - iv) å dele relevante vurderingar og analysar med alle dei aktørane som det gjeld,
    - v) å leggje fram ei oversikt over den hjelpa som medlemsstatane og andre kjelder tilbyr,
    - vi) å gje råd om kva slags hjelp som krevst, for såleis å sikre at den hjelpa som vert ytt innanfor katastrofevernebuing, er i samsvar med vurderingane av behova,
    - vii) å gje hjelp til å overvinne eventuelle praktiske vanskar i samband med ytinga av hjelp, t.d. med omsyn til transitt og toll,
  - b) å knyte kontakt med den råka tredjestaten når det gjeld tekniske saker, som t.d. det nøyaktige behovet for hjelp, godtaking av tilbod og dei praktiske ordningane for mottaking og fordeling av hjelp lokalt,
  - c) å knyte kontakt eller samarbeide med Kontoret til Dei sameinte nasjonane for samordning av humanitære aktivitetar (OCHA) når dette er til stades, og med andre relevante aktørar som medverkar i det samla hjelpearbeidet, for såleis å skape best mogleg samverknad, leggje vinn på å oppnå komplementaritet og unngå dobbeltarbeid og opphald i arbeidet,
  - d) å knyte kontakt med alle relevante aktørar, særleg i sluttfasen av hjelpeaksjonen i medhald av ordninga, for å leggje til rette for ei smidig avslutning.
5. Når det høver, kan Kommisjonen i kvart einskilt tilfelle ta på seg operative tilleggsoppgåver med samtykke frå formannskapet.

6. Kommissjonen kan, i nært samarbeid med formannskapet, oppnemne dei vurderings- og/eller samordningsgruppene som er nemnde i nr. 4 bokstav a) ii). Gruppene skal vere samansette av sakkunnige og ein gruppeleiar som medlemsstatane stiller til rådvelde i kvart einskilt tilfelle. Kommissjonen skal velje ut dei sakkunnige og leiaren for gruppa på grunnlag av kvalifikasjonar og røynsler, medrekna den opplæringa som dei har fått gjennom ordninga, tidlegare røynsler frå oppdrag i medhald av ordninga og frå anna internasjonalt hjelpearbeid. Ved utveljinga skal det òg leggjast vekt på andre kriterium, medrekna språkkunnskapar, for å sikre at gruppa til saman har dei kvalifikasjonane som trengst i den spesifikke situasjonen.

Overvakings- og informasjonssenteret skal halde nær kontakt med vurderings- og/eller samordningsgruppene, og gje dei støtte og råd.

7. Formannskapet og Kommissjonen skal syte for at det er eit nært samarbeid, og halde ved lag ein jamleg dialog når det gjeld innsatsen på alle stadium i katastrofesituasjonen.

Den operative samordninga skal integrerast fullt ut med den overordna samordninga som OCHA utfører når dette kontoret er til stades, og skal respektere den leiande rolla som det har.

Samordninga gjennom ordninga rører ikkje ved tosidige kontaktar mellom dei deltakande medlemsstatane og staten som er råka, heller ikkje ved samarbeidet mellom medlemsstatane og Dei sameinte nasjonane. Slike tosidige kontaktar kan òg nyttast til å medverke til samordning gjennom ordninga.

Det skal leggjast vekt på samverknad og komplementaritet med andre ordningar i Unionen eller Fellesskapet. Kommissjonen skal særleg syte for at det er komplementaritet og samanheng mellom tiltaka i medhald av ordninga og tiltak som vert finansierte i medhald av forordning (EF) nr. 1257/96.

Dersom det skulle oppstå ein større katastrofesituasjon utanfor Fellesskapet, bør ein mogleg bruk av tilgjengelege militære middel og ressursar til støtte for katastrofevernebuinga vere i samsvar med prinsippa i dei relevante retningslinjene til Dei sameinte nasjonane.

8. Den samordnande rolla til formannskapet og Kommissjonen som er nemnd i denne artikkelen, skal ikkje røre ved den kompetansen og det ansvaret som medlemsstatane har når det gjeld gruppene og modulane deira og annan støtte, medrekna militære middel og ressursar. Framfor alt må samordninga til formannskapet og Kommissjonen ikkje innebære at det vert gjeve ordrar til medlemsstatane sine grupper, modular og annan støtte, som skal setjast inn på frivillig grunnlag i samsvar med samordninga i hovudkvarteret og på staden.

9. For å gjere det mogleg med den samordninga som er nemnd i nr. 1-8, og for å sikre ein omfattande medverknad i det overordna hjelpearbeidet

- a) skal alle medlemsstatar som yter hjelp på området katastrofevernebuing slik det er nemnt i nr. 1, etter ei oppmoding som er formidla gjennom overvakings- og informasjonssenteret, halde overvakings- og informasjonssenteret fullt ut orientert om verksemda si, og
- b) skal dei gruppene og modulane som medlemsstatane har på staden, og som tek del i hjelpeaksjonen gjennom ordninga, ha nær kontakt med dei samordnings- og/eller vurderingsgruppene som overvakings- og informasjonssenteret har på staden.

#### *Artikkel 9*

Kommissjonen kan støtte og utfylle den hjelpa som vert gjeven til medlemsstatane på området katastrofevernebuing innanfor ramma av ordninga, ved å gjere dei tiltaka som er førde opp i artikkel 2 nr. 8 og 9.

### KAPITTEL IV

#### **Slutføresegner**

#### *Artikkel 10*

Ordninga skal vere open for deltaking for kandidatstatar.

Andre tredjestatar kan, saman med internasjonale eller regionale organisasjonar, ta del i verksemd i medhald av ordninga dersom det finst avtaler mellom desse tredjestatane eller organisasjonane og Fellesskapet som tillèt dette.

#### *Artikkel 11*

Med omsyn til bruken av dette vedtaket skal medlemsstatane oppnemne dei rette styresmaktene og melde frå til Kommissjonen om dette.

#### *Artikkel 12*

Kommissjonen skal fastsetje gjennomføringsreglar i medhald av dei framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 13 nr. 2, særleg med omsyn til

1. dei ressursane som vert stilte til rådvelde for ein hjelpeaksjon, slik det er fastsett i artikkel 4,
2. overvakings- og informasjonssenteret, slik det er fastsett i artikkel 2 nr. 5,
3. CECIS, slik det er fastsett i artikkel 2 nr. 6,



4. vurderings- og/eller samordningsgruppene, slik det er fastsett i artikkel 2 nr. 4, medrekna kriterium for utveljing av sakkunnige,
5. opplæringsprogrammet, slik det er fastsett i artikkel 2 nr. 2,
6. modulane, slik det er fastsett i artikkel 4 nr. 3,
7. systemet for påvising og tidleg varsling, slik det er fastsett i artikkel 2 nr. 7,
8. opplysningar om medisinske ressursar, slik det er fastsett i artikkel 5 nr. 6,
9. hjelpeaksjonane innanfor Fellesskapet, slik det er fastsett i artikkel 7, og hjelpeaksjonane utanfor Fellesskapet, slik det er fastsett i artikkel 8.

#### *Artikkel 13*

1. Kommisjonen skal få hjelp av det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 13 i vedtak 2007/162/EF, Euratom.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast.

Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 5 nr. 6 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.

#### *Artikkel 14*

Kommisjonen skal evaluere bruken av dette vedtaket kvart tredje år rekna frå datoen då det vart meldt, og sende over konklusjonane frå denne evalueringa til Europaparlamentet og Rådet.

Eventuelle framlegg til endringar av dette vedtaket skal leggjast ved konklusjonane.

#### *Artikkel 15*

Vedtak 2001/792/EF, Euratom vert oppheva.

Tilvisingar til det oppheva vedtaket skal forståast som tilvisingar til dette vedtaket, og skal lesast slik det er vist i jamføringstabellen i vedlegget.

#### *Artikkel 16*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 8. november 2007.

*For Rådet*

R. PEREIRA

*Formann*

## VEDELEGG

## Jamføringstabell

Rådsvedtak 2001/792/EF, Euratom	Dette vedtaket
Artikkel 1 nr. 1	Artikkel 1 nr. 1
Artikkel 1 nr. 2 første og andre leddet	Artikkel 1 nr. 2 første og andre leddet
Artikkel 1 nr. 2 tredje leddet	Synsmåte 4 andre punktumet
Artikkel 1 nr. 3 det innleiande punktumet	Artikkel 2 det innleiande punktumet
Artikkel 1 nr. 3 første strekpunktet	Artikkel 2 nr. 1
Artikkel 1 nr. 3 andre strekpunktet	Artikkel 2 nr. 2
Artikkel 1 nr. 3 tredje strekpunktet	Artikkel 2 nr. 3
Artikkel 1 nr. 3 fjerde strekpunktet	Artikkel 2 nr. 4
Artikkel 1 nr. 3 femte strekpunktet	Artikkel 2 nr. 5
Artikkel 1 nr. 3 sjette strekpunktet	Artikkel 2 nr. 6
—	Artikkel 2 nr. 7
—	Artikkel 2 nr. 8
—	Artikkel 2 nr. 9
—	Artikkel 2 nr. 10
Artikkel 1 nr. 3 sjuande strekpunktet	Artikkel 2 nr. 11
—	Artikkel 3
Artikkel 2 nr. 1	Artikkel 6 nr. 1 og 2
Artikkel 2 nr. 2	Artikkel 6 nr. 3
Artikkel 3 det innleiande punktumet	—
Artikkel 3 bokstav a)	Artikkel 4 nr. 1
Artikkel 3 bokstav b)	Artikkel 4 nr. 2
—	Artikkel 4 nr. 3
Artikkel 3 bokstav c)	Artikkel 4 nr. 6
Artikkel 3 bokstav d)	Artikkel 4 nr. 4
—	Artikkel 4 nr. 5
—	Artikkel 4 nr. 7
Artikkel 3 bokstav e)	Artikkel 4 nr. 8 og artikkel 11
Artikkel 4 det innleiande punktumet	Artikkel 5 det innleiande punktumet
Artikkel 4 bokstav a)	Artikkel 5 nr. 1
Artikkel 4 bokstav b)	Artikkel 5 nr. 2
—	Artikkel 5 nr. 3
Artikkel 4 bokstav c)	Artikkel 5 nr. 4
Artikkel 4 bokstav d)	Artikkel 5 nr. 5
Artikkel 4 bokstav e)	Artikkel 5 nr. 6

Rådsvedtak 2001/792/EF, Euratom	Dette vedtaket
Artikkel 4 bokstav f)	Artikkel 5 nr. 7
Artikkel 4 bokstav g)	Artikkel 5 nr. 8
Artikkel 4 bokstav h)	Artikkel 5 nr. 9
—	Artikkel 5 nr. 10
—	Artikkel 5 nr. 11
Artikkel 5 nr. 1	Artikkel 7 nr. 1 og 2
Artikkel 5 nr. 2	Artikkel 7 nr. 3
Artikkel 5 nr. 3	Artikkel 7 nr. 4
Artikkel 5 nr. 4	Artikkel 7 nr. 5
Artikkel 5 nr. 5	Artikkel 7 nr. 6
Artikkel 6 første leddet	Artikkel 8 nr. 1
Artikkel 6 andre leddet	Artikkel 8 nr. 2-9
—	Artikkel 9
Artikkel 7	Artikkel 10 første leddet
—	Artikkel 10 andre leddet
Artikkel 8 nr. 1	—
Artikkel 8 nr. 2 det innleiande punktumet	Artikkel 12 det innleiande punktumet
Artikkel 8 nr. 2 bokstav a)	Artikkel 12 nr. 1
Artikkel 8 nr. 2 bokstav b)	Artikkel 12 nr. 2
Artikkel 8 nr. 2 bokstav c)	Artikkel 12 nr. 3
Artikkel 8 nr. 2 bokstav d)	Artikkel 12 nr. 4
Artikkel 8 nr. 2 bokstav e)	Artikkel 12 nr. 5
—	Artikkel 12 nr. 6
—	Artikkel 12 nr. 7
Artikkel 8 nr. 2 bokstav f)	Artikkel 12 nr. 8
Artikkel 8 nr. 2 bokstav g)	Artikkel 12 nr. 9
Artikkel 9 nr. 1	Artikkel 13 nr. 1
Artikkel 9 nr. 2	—
Artikkel 9 nr. 3	Artikkel 13 nr. 2
Artikkel 9 nr. 4	—
Artikkel 10	Artikkel 14
—	Artikkel 15
Artikkel 11	—
Artikkel 12	Artikkel 16